



## Rekneskapsrapport pr. juni - juli 2023

Saksbehandlar:  
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivkode:  
210

Arkivsaksnr.:  
23/1499

JournalpostID:  
23/52896

<b>Saksnr:</b> 121/2023	<b>Utval:</b> Bjørnafjorden formannskap	<b>Dato:</b> 28.08.2023
----------------------------	--	----------------------------

### Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr. juni - juli til orientering.

Bjørnafjorden, den 11.08.2023

Christian Fredrik Fotland  
Kommunedirektør

## **Samandrag:**

### **Samandrag**

Rekneskapsrapport pr juli viser at det kan bli eit meirforbruk på 109,1 mill. kr i 2023. I prognosen er det teke inn auka inntekter frå revidert nasjonalbudsjett. Prognosen er i totalen relativt lik mai rapporten, men det er endringar innad i Helse og velferd. Der er utgiftene i pleie og omsorg på veg ned, medan utgiftene innan legetenester og legevakt har auka kraftig.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

#### Økonomi:

Saka gjev styringsinformasjon vedr. den økonomiske situasjonen til kommunen.

#### Klima:

Saka har ikkje konsekvensar for klima eller miljø.

#### Folkehelse:

Saka har ikkje konsekvensar for folkehelsa.

## **Saksframlegg:**

### **Om rapporten**

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent pr. juli for løns-intensive einingar er ca. 55 %. Kolonna Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventa meir- /eller mindreforbruk i forhold til budsjett. Minus tal betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

### **Frie inntekter**

Prognose for 2023: Frie inntekter kan få meirinntekter på vel 34 mill. kr.

Stortinget behandla revidert nasjonalbudsjett før sommaren. I grove trekk inneber revidert nasjonalbudsjett at rammetilskotet kan aukast med 14,36 mill. kr og at skatteanslaget kan aukast med ca. 19,8 mill. kr.

Pr juli har skatteinntektene i Bjørnafjorden kommune ein vekst på ca. 3% i forhold til same tidspunkt i 2022. For kommunane som heilskap er talet 2,4%.

Som rapportert tidlegare må Bjørnafjorden kommune saldere budsjettet for 2023 på nytt etter at revidert nasjonalbudsjett er vedtatt i Stortinget. Det blir lagt fram eiga sak om dette. Auken i frie inntekter blir i saka foreslått brukt til å kompensere sektorane for auka oppgåver (m.a. gratis halvdagsplass i SFO for andreklassingar) og til å auke posten som er avsett til å dekke årets lønsoppgjer.

## **Finans**

Prognose for 2023: Finans kan få ei meirinntekt på ca. 15 mill. kr.

Finansporteføljen har pr juli ei positiv avkastning på nærare 10 mill. kr. Det er ikkje budsjettert med avkastning i 2023. Avkastninga pr. juli er lagt inn i prognosen for 2023, men merk at avkastningstal fort kan endre seg.

Kommunen har framleis god likviditet og det auka rentenivået får såleis god effekt på renteinntektene. Vi legg førebels til grunn ein meirinntekt på ca. 5 mill. kr. Vi trur likviditeten vil synke ut over året, m.a. grunna meirforbruk i sektorane og at vi vil tære på unytta lånemidlar.

Renteutgiftene ser så langt ut til å halde seg innafor budsjettet, men situasjonen kan fort endre seg i denne urolege marknadssituasjonen.

## **Fellesområde**

Prognose for 2023: Fellesområde kan få eit negativt avvik på ca. 69,4 mill. kr, i hovudsak knytt til lønsoppgjer og reguleringspremie pensjon.

Fellesområde består av Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Lønsoppgjeret for 2023 har blitt langt høgare enn det som er sett av til å dekke meirutgiftene. Vi har enno ikkje full oversikt over dei økonomiske konsekvensane for vår kommune, men vi har gjort overslag som viser at utgiftene for 2023 kan bli inntil 36 mill. kr høgare enn budsjettert.

Lønsoppgjeret for tilsette og pensjonistar påverkar reguleringspremien, som dermed og vil bli langt høgare enn det pensjonsleverandørane har lagt til grunn i sine premieprognosar, og som kommunebudsjettet byggjer på. Pensjonsleverandørane har sendt ut nye prognosar for reguleringspremien som viser at reguleringspremien kan bli om lag 33 mill. kr høgare enn lagt til grunn i budsjettet. Kommunen har framleis noko fondsmidlar knytt til løns- og pensjonsauke som ev. kan nyttast (til saman ca. 51,5 mill. kr), dette er ikkje tatt inn i prognosen.

Erfaring frå 2022 og til dels tidlegare år viser at ein stor del av utgiftene til Folkevalde organ blir ført i desember. Basert på rekneskapstal for 2022 er det grunn til å tru at utgiftene for 2023 blir høgare enn budsjettert. Vi legg førebels til grunn eit meirforbruk på ca. kr 400.000. Ein ekstra faktor i 2023 er gjennomføring av kommunevalet.

Merk at forbruksprosenten for Fellesområde kan vere litt avvikande gjennom året. Det har samanheng med at det er budsjettert med 65,7 mill. kr i bruk av premiefond i 2023. Rekneskapsføringa av premiefondet vil skje i «bolkar» ut over året etter avtale med pensjonsleverandør.

## **Stab**

Prognose for 2023: Stab ser ut til å kunne gå i balanse i 2023.

Stab har eit innsparingskrav på kr 700.000 for 2023.

Stab har i år stillingar som står ledige i periodar på grunn av at tilsette sluttar eller er i permisjon. Dei reduserte utgiftene dette medfører vil dekke innsparingskravet for Stab i 2023. For nokre av stillingane er gjen-rekruttering utsett eller stoppa for å få lengre/varig innsparingseffekt.

## **Oppvekst**

Prognose for 2023: Oppvekst ser ut til å få eit meirforbruk på 36,6 mill. kr i 2023.

Oppvekst har fått tilført 10,8 mill. kr i 1. tertialrapport 2023.

Sidan oppvekst sin drift i stor grad er prega av barnehage- og skuleår er det fortsatt knytt usikkerheit til den samla prognosen. I rapporteringa etter august månad vil tala knytt til dei to store områda barnehage og skule vere meir sikre. Både på barnehageområdet og på skuleområdet slit vi med å halde budsjettet inn mot barn og elevar med store hjelpebehov. Dette er budsjettpostar som har lagt fast på same nivå over tid samstundes som tal barn som har store og meir komplekse hjelpebehov aukar. Det blir arbeida kontinuerleg med å leite etter smarte løysingar når det gjeld ressursbruk samstundes som vi sikrar barn/elevar det dei har krav på.

Vi har fortsatt store postar som er nedtrekk som ikkje er realisert frå tidlegare år som vi drar med oss og ikkje har klart å finne inndecking for.

## Skular

På skuleområdet varslar vi 8 millionar i meirforbruk. Som rapportert i mai er meirforbruk på 7 millionar knytt til elevar med store hjelpebehov. For skuleåret 2022/23 har meirforbruket på dette området lagt på 5 millionar. Som følgje av at vi får fleire elevar med store hjelpebehov komande skuleår er prognosen for overforbruk auka til 7 millionar. Til tross for at vi har sett på tildelingspraksis og omfang har vi ikkje klart å trekke ned.

I tillegg er det nokre skular som gjennom vårhalvåret har drifta noko høgt i forhold til budsjett. Skulane har sett inn tiltak som har hatt effekt og forbruket har stabilisert seg, men det vil vere vanskeleg å hente inn alt som har vore av meirforbruk.

Frå august vil skulane få nye budsjett tilpassa nytt skuleår og augustrapporteringa vil gi eit klarare billete av den økonomiske statusen og korleis skulane har klart å tilpassa seg.

## Familiens Hus

Familiens hus har 7,5 millionar i meirforbruk. Dette er knytt til Barneverntenesta.

Barnevernet sitt budsjett blei justert etter vedtak i 1 tertial med 2,5 millionar for å dekke inn delar av underfinansieringa av oppvekstreforma. Dette gjer at meirforbruket per juli ligg på 7,5 millionar. Det er fleire kostnadsdrivarar som skaper usikkerheit i budsjettet.

- Barneverntenesta har hatt ein plassering på institusjon i juli månad noko som inneber ekstra kostnader på kr. 170.000 per månad. Den årlege kostnaden kan dersom plasseringa vert langvarig koma opp i 2,1 millionar. Det er vidare vurdert at eit barn til treng institusjonsplassering i løpet av hausten, noko som aukar risikoen for overforbruk i tenesta.
- Advokatutgifter er ein utgiftspost som er usikker for barneverntenesta. Desse kostnadane kjem som følge av representasjon i Barneverns- og helsenemda. Det er risiko for overforbruk knytt til denne posten.
- Frå 01.01.23 har vi fått ekstra kostnader til fosterheimar på ca kr. 250.000. Frikjøpte fosterheimar fekk frå denne datoen ein ekstra KS-sats i tillegg til frikjøpet. Dette er anbefalt frå statlege myndigheiter, som eit ledd i å rekruttere og behalde fosterheimar. Bjørnafjorden kommune har til liks med andre kommunar i regionen innført dette. Desse kostnadane er det ikkje budsjettert for.
- Det er beslutta utviding og noko ombygging knytt til barneverntenesta sine lokaler av sikkerhetsmessige årsakar. Ein må pårekna ekstra utgifter til dette.

*Eining for barn, unge og familiar* ligg noko høgt på lønn per juli, men med refusjoner og finansiering av nokre delstillingar via eksterne midlar rekner vi med å gå i balanse på lønn ved årsslutt.

Budsjettet blir utfordra spesielt på desse punkta:

- Vi har ei auke i vedtak rundt spesialpedagogisk hjelp i barnehage (§31 i barnehagelova). Dette fører til at Fagsenteret som utøver vedtaka ikkje har kapasitet til å gjennomføre alle dei lov-pålagte timane sjølv. I samarbeid med enkelte barnehagar er det difor barnehagar sjølv som utøver desse timane og får refusjon frå oss. For våren 2023 har vi betalt ut kr 637 000 totalt til både kommunale og private barnehagar. Dette er ei utgift som det ikkje er budsjettdekning for. Vedtaka knytt til nytt barnehageår viser at timane samla sett går opp. Vi kjem tilbake til meir knkrete tal i samband med 2 tertial.
- Ved oppretting av Barn, unge og familiar fekk vi tilført ti stillingar frå andre einingar utan at driftsmidlar følgd med. Dette gjer det utfordrande å dekke telefon, køyring m.m.

*Førebyggjande helsteneste* driftar innanfor tildelt budsjett.

Ved jamt forbruk på lønn skal lønnsforbruket ligge på 54,5% av tildelt budsjett. For FHT er lønnsforbruket på 55%. Refusjon for sjukelønn er inntektsført t.o.m mai, så her er det uteståande refusjoner.

Det er brukt 76% av driftsutgifter per juli, dette er det ulike grunnar til:

- auke i lisensar for dataprogram (hspro) som er lagt ut til eininga
- vaksinekjøp som skal finansierast av inntekter
- auka bruk av tolk (ein del blir ordna ved årsslutt då det blir dekkja av midlar knytta til flykningar).
- auka utgifter knytta til transport og km-godtgjørsle.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Dersom driftsbudsjett blir høgare enn budsjettert, blir dette dekka av reserver på lønn.

Inntekt:

- Dei statlege midlane er mottatt og totalt er 95% av budsjetterte inntekter inntektsført.

### Barnehagar

Meirforbruk på det samla barnehageområdet er redusert med 8,3 millionar pga ekstra løyving 1. tertial: 5,8 millionar til dekking av auka kommunal deflator frå 2,5% til 5,3% for 2022 og 2,5 millionar til dekking av meirauke i kapitaltilskot for 2023 (renteauke mm). Meirforbruk per juli er 10,9 millionar.

Vi har ikkje endeleg tal barnehageplassar i kommunale og private barnehagar for hausten 2023 klare per juli så vi opprettheld noverande prognose på totalt 10,9 millionar i meirforbruk. Etter oppdatering av barnetal i august vil vi utarbeide ny prognose for hausten 2023.

Når det gjeld posten "fellestiltak barnehage" er det uendra status med meirforbruk på 3 millionar pga urealistisk innsparing knytt til redusert barnetal og meirforbruk i forhold til § 37 vedtak knytt til styrkingstiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage.

Dei kommunale barnehagane driftar i forhold til tildelt budsjett. Barnehagebudsjetta vil bli justert i forhold til endring av barnetal og dermed vil bemanning bli justert frå august 2023.

Private barnehagar: Kommunalt tilskot for 9 månader er utbetalt dvs til og med september, og all utbetaling er basert på barnetal våren 2023. Hadde drifta vore jamn heile året skulle vi ha brukt 75% av budsjettet, men vi har brukt 80%. Men vi veit at barnetalet blir redusert pr. 01.08. Vi veit ikkje kor mykje før vi har hatt gjennomgang etter teljedato så oppdatert prognose kjem etter august.

Det er per i dag usikkerheit kring refusjonskrav barnehageplassar: Det er sendt refusjonskrav til dei kommunane som skal betale til oss, men har ikkje mottatt refusjonskrav frå andre kommunar. Kor stort refusjonskrav som kjem frå til dømes Bergen kommune veit vi ikkje per i dag.

### **Tiltak - Oppvekst**

Vi arbeider med dei same tiltaka som var rapportert i førre månadsrapport. Vi vil samla sett har sikrere prognosar når august er avslutta. Dette har samband med oppstart av nytt barnehage og skuleår. Budasjetta i barnehage og skule blir lagt "på nytt" i tråd med barnetal og elevtal.

## Skular

### Tiltak:

- tett dialog mellom fagsjef/økonomirådgjevar og rektorane for å sikre kontroll på drifta
- vi gjennomgår ressurs til leiing og administrasjon ved skulane og vurderer interne løysingar ved ledigheit i stilling.
- vi søker om dekning for sjukefråvær frå første fråværsdag (kronisk sjukdom)
- hente inn uteståande refusjonar
- vurderer omorganisering før ein set inn vikar
- intern omorganisering på skulene for å halde budsjettet. Konsekvens er at vikariat ikkje blir forlenga, om noko er i permisjon står stillinga vakant ein periode osv.

## Familiens Hus

### Tiltak felles i Familiens hus:

- Familiens hus er i ei overføringsprosess i forhold til bruk av egne tilsette til samvær og rettleiing av fosterforeldre og foreldre. Det er avslutta ein del private tiltak som vil gje reduksjon i utgifter til private konsulentar dei neste månadene.

## Barnevern

### Tiltak:

- Økonomiske utgifter til ettervern for ungdom i alderen 18 – 25 år er redusert. Dette heng stort sett saman med at fleire av ungdommane er overført til NAV og andre oppfølgingstenester i kommunen.
- Tenesta skal gjennomgå støttekontaktordninga og sjå om det er mogeleg å stramme inn noko på utgifter knytt til dette.
- I PwC-rapport kjem det fram at barneverntenesta kan spare noko på fosterheimsarbeidet. Dette arbeidet er starta, som inneber årleg gjennomgang av fosterheimskontraktar for å vurdere frikjøp/ending av frikjøp. Tenesta har også lagt seg på bufetat sine anbefalingar om frikjøp, noko som kan redusere frikjøp fram i tid. Samtidig har fosterheimssatsar auka og alle fosterheimar mottar frå 1. jan 2023, 1KS ekstra i tillegg for å være fosterheim.
- PWC rapporten peikar på store innsparingar med reduserte plasseringar på institusjon. Barneverntenesta jobber aktivt for å hindre bruk av institusjonsplassar, ved å undersøke nettverk, omfattande heimebaserte tiltak og andre løysingar, før bruk av institusjonsplassar. Men i nokre tilfelle må barn plasserast på institusjon. Stort sett alle som flyttast til institusjon er ungdommar, dei fleste med omfattande åtferdsvanskar og psykiske utfordringar.
- søkje om dekning for sjukefråvær frå første fråværsdag (kronisk sjukdom)
- hente inn uteståande refusjonar

## Barn, unge og familiar

#### Tiltak:

- Det blir arbeida med å vurdere §31 og §37 i samanheng for å få ned overforbruket (budsjett §31 ligg i Barn, unge og familiar)
- hente inn uteståande refusjonar
- søkje om dekning for sjukefråvær frå første fråværsdag (kronisk sjukdom)

#### Førebyggjande helsetenester

#### Tiltak:

- Vidareføre god kontroll over budsjett og drift.
- Innhente uteståande refusjonar
- søkje om dekning for sjukefråvær frå første fråværsdag (kronisk sjukdom)
- Merke all bruk av ukrainske tolkar med eiga kode slik at dette eventuelt kan omfordelast ved årsslutt.
- Forsette jobben med å rekruttere inn i ledige stillingar slik at vi får nytta lønsmidlar fullt ut.

#### Barnehagar

#### Tiltak:

- Det blir arbeida med å vurdere §31 og §37 i samanheng for å få ned overforbruket (budsjett §37 ligg på barnehageområdet)
- Kommunale barnehagar har tatt ned bemanninga i tråd med barnetalet frå august 2023.
- Tett dialog mellom fagsjef/økonomirådgjevar og styrarane for å sikre fortsatt god kontroll på drifta i dei kommunale barnehagane
- søkje om dekning for sjukefråvær frå første fråværsdag (kronisk sjukdom)
- hente inn uteståande refusjonar

### **Helse og velferd**

Prognose: Helse og velferd ser ut til å få eit meirforbruk på 49,6 mill. kr i 2023.

Det er mindre endringar i prognosen for juli samanlikna med situasjonen før sommeren. Samla forventna meirforbruk er 49,6 mill kroner for 2023, mot 49,5 mill kroner i juni-prognosen.

Det som er gledeleg er at prognosen for Luranetunet og Tilrettelagte tenester er noko forbetra pr. juli.

Dessverre har Legevakt og legetenester auka prognose for meirforbruk og ligg no på 10,4 millionar. Årsaka er fortsatt vanskar med å rekruttere og behalde legar utan økonomiske verkemiddel som er høgare enn det som ligg i budsjettet, særleg relatert til vikarlegar. Dette gjer og at vi ligg noko bakpå på inntektsida med refusjonar/taksting frå Helfo. Det byrjar stabiliserer seg noko i Eikelandsosen, men det har vore behov for innleige av legar gjennom sommaren. Vi har også ordninga med nordsjøturnus på legevakten som kostar meir enn området har budsjettmidlar til.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*



NAV melder ei viss auke i sosialhjelpsbehov, andel naudhjelpssøknader og auka straumutgifter for hushald. Gjennom ulike tiltak reknar NAV med å vere innafør budsjettrammene i år.

Sommar-avviklinga har vore utfordrande med omsyn til området sin samla økonomi, men så langt viser rekneskapet at ein samla sett har unngått store meirkostnader.

## **Helse og velferd – tiltak**

Det viktigaste tiltaket i sektoren er å oppretthalde fokus på redusert vikarbruk. Det er utforma retningsliner for når det kan innhenta vikarar, og dette vil gi effekt over tid.

Vidare vil det bli ekstra innsats for å førebygge sjukefråver, og tiltak for å få sjukmeldte raskare tilbake i arbeid. Tilsette i Friskliv og meistring vil bidra med sin kompetanse og erfaring i dette arbeidet. Dersom sektoren får redusert sjukefråvere ned til meir normale tilstander og helst lågare enn det, vil det gi økonomisk gevinst. Det å sikre at kommunen får inn refusjonar frå sjukmeldte vil vere prioritert, mellom anna relatert til kroniske lidningar.

For Legetenesta vil det vere fokus på å auke inntekter frå Helfo, samt erstatte alle vikaravtaler.

Meirutgiftene i Tilrettelagde tenester er relatert til nytt enkelttiltak for ungdom, og vurdering av alternative løysingar vil vere til vurdering. Kommunen vil delvis få dekt sine meirutgifter gjennom refusjonar ressurskrevjande brukarar.

Einingane er i prosess med å førebu realisering av fleire tiltak i Omstilling25. Sjølv om siste frist for nedbemanning er 31.12., vil nokre avdelingar og einingar iverksette dette utpå seinhausten.

## **Samfunnsutvikling**

Prognose: Samfunnsutvikling ser ut til å få eit meirforbruk på 2,5 mill. kr i 2023.

Foreløpige utfordringar på samfunn er BBR, Samferdsle og Kart og oppmåling.

Vintermånedene slår hardt inn på regnskapet ifht vintervedlikehold. Det er for tidlig å si noe om hele året, men anslag er 2 mill overforbruk. Når det gjelder BBR så har de et innsparingskrav på 1,5 mill. Det er forvente effektar av endringar framover men det tar tid å endre drift. BBR har også oppgradering av 110 sentral og usikkerheten rundt totale kostnader med dette. BBR har også et stort etterslep ifht lovpålagt kursing, dette slår også inn i år. En eldre kjøretøypark merkes også godt på kostnadsnivået. Utfordringer med å få satt fastevaktlag på Fusa-side fører også til høy overtidskostnader.

Antar overforbruk på BBR på kr 2.8 mill og samferdsle på kr 2 mill. I tillegg så ser vi en vesentlig nedgang i inntektene hos Kart og oppmåling. Permisjoner og sykefravær trekker derimot i andre retning og netto “overforbruk” anslås til kr 1.5 mill.

Foreløpig synes SU å ha en meirinntekt på sal av konsesjonskraft på kr 0.5 mill. Antar videre at eiedom klarer generelle innsparingar på kr 0.5 mill, i tillegg har SU innsparing på at miljørådgiver har sagt opp, ca kr 0.6 mill. Straumutgiftene er også forventet lågare enn

budsjett, ca 2.3 mill ihht nåværende prognose for 2023. Generelt sykefravær og internbelastning til sjølvkostområdene er også kalkulert med ein meirinntekt på kr 0.4 mill.

Støttekontakt er overført til kultur fra 1/7 og overforbruk for siste halvår er anslått til kr 1 mill.

Bjørnafjorden, den 11.08.2023  
Ingrid Karin Kaalaas  
Økonomisjef